



Ove Herland
Mongstadvegen 826
5953 FONNES

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/2269 - 15/34230

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
10.11.2015

Løyve til bygging av landbruksveg gbnr 126/2 Hope

Dokument:

Søknad om bygging innkome 22.05. 2015
Saka sendt regionale mynde til uttale 02.07.2015
Kulturminnefagleg fråsegn innkome 31.08.2015.

Lovgrunnlaget:

Søknaden er handsam etter «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier fastsett av Landbruksdepartementet 28. mai 2015 med heimel etter skogbrukslova og jordlova.

Vurdering:

Vegen er søkt som ein landbruksveg vegklasse 3 og hovudføremålet er i første omgang å nytta den for transport av jordmassar til ei bakkeplaneringsprosjekt som er under planlegging på eigedomen til søkjar. Etter den tid vil den vera tenleg for drifta av areala og den vil og løysa ut ein del skog i nærområdet. Søknaden er nabovarsla og sendt på høyring og det er ikkje kome merknader til bygging av veggen, men Hordaland Fylkeskommune Kultur og idrettsavdelinga skriv som følgjer i si fråsegn:

«Den 25.08.2015 gjennomførte arkeologar frå Hordaland fylkeskommune ei synfaring i det gjeldane arealet saman med grunneigar Ove Herland. Den om søkte landbruksvegen er tenkt like sør for eit gravfelt med to gravrøyser og tre moglege rydningsrøyser (Askeladden id. 15787). Røysene er låge og ligg i tett granskog, noko som gjer at gravfeltet er ikkje godt synleg i terrenget. Den nye veg traseen ligg nær gravfeltet, om lag 5 meter frå sikringssona på det nærmaste. Eit nytt inngrep så nær kulturminnet vil ha ein skjemmaende verknad, men på grunn av topografien på staden kan vi ikkje sjå at det finst andre realistiske eller betre stader kor landbruksvegen kan opparbeidast. Hordaland fylkeskommune krev difor at alt anleggsarbeid, inkludert rydding av skog, vert gjort på ein skånsam måte i område med kulturminne, og at grensa mot kulturminnet vert tydeleg markert i anleggsfasen.

Sjølv om arealet langs den planlagde veg traseen vart vurdert til å ha potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, er det ikkje trong for å gjere ytterlegare registreringar i området. Når det gjeld bakkeplanering har vi ingen merknad i høve kulturminne.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.»

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kommunen kan ikkje ut frå det kartgrunnlaget og lokalkunskap ein sit inne med sjå at miljøverdiar vert skadelidande om denne vegen ert bygt. No vil vegen riktig nok kryssa ein tursti, og det vil vera eit vilkår at vegen vil la seg kryssa uhindra med at det vert sletta til og eventuelt steinsett i kryssingspunktet.

Vedtak:

Med heimel etter «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier fastsett av Landbruksdepartementet 28. mai 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av landbruksveg «Timmerskaret» vegkl 3 på gbnr 126/2 . Løyvet gjeld i 3 år og det er under føresetnad at dei punkt som kjem fram i vurdering av saka vert følgde.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

Mottakarar:
Ove Herland

Mongstadvegen 5953
826

FONNES